



Vår beredskap – Din tryggleik



Landbrukstenester Sogn

# Vår beredskap – Din tryggleik

Landbrukstenester Sogn har medlemmar i seks kommunar: Lærdal, Aurland, Årdal, Vik, Sogndal og Luster. Laget er eigd og styrt av medlemmane sjølve. Hovudoppgåva vår er å skaffe kvalifisert arbeidskraft til landbruket. Dersom du som er bonde blir sjuk, skal på ferie, treng ekstra hjelp i vår- og sommarperioden eller i andre travle tider, stiller vi med landbruksvikar. Vikarane våre er høgt kvalifiserte, og du kan vere trygg på at garden og dyra dine blir godt tekne vare på. Vi held fleire kurs for avløyssarane våre, mellom anna kurs i grunnleggjande vedlikehald og bruk av motorsag og ryddesag, HMS og andre aktuelle tema.

Vi hjelper deg òg dersom du har spørsmål om regelverk og søknadsprosessar ved refusjon av avløyssarutgifter ved sjukdom. Du finn oss på kontoret i Pyramiden, Gaupne.



## Tenestene våre:

- Avløyssartilskotet: Me tek papirarbeidet, arbeidsgjevaransvar og betalar ut løn
- Gode forsikringar tilsette: [www.landbrukstenester.no/yrkesskadeforsikring-2/](http://www.landbrukstenester.no/yrkesskadeforsikring-2/)
- Tilgjengeleg kvalifisert arbeidskraft: <http://www.landbrukstenester-sogn.no/landbruksvikar/>
- Beredskap ved sjukdom: [www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-sykdom](http://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-sykdom)
- Elektroniske timelister: [secure.webtemp.no/WebtempCVPortal/default.aspx?k=48&langset=47](http://secure.webtemp.no/WebtempCVPortal/default.aspx?k=48&langset=47)
- Faktura og brukt tilskot, godkjenne timelister: [services.webtemp.no/kundeportal/login.aspx?k=48&langset=47=&kommando=kundemeny](http://services.webtemp.no/kundeportal/login.aspx?k=48&langset=47=&kommando=kundemeny)
- Arbeidshjelp til andre enn medlemmar

## Ny avløysser, ny bonde:

- Ny avløyssar, registrer deg her: [www.landbrukstenester-sogn.no/kontaktskjema-ny-avloysar/](http://www.landbrukstenester-sogn.no/kontaktskjema-ny-avloysar/)
- Ny bonde, (brukarskifte) meld deg inn her: [www.landbrukstenester-sogn.no/innmelding-i-landbrukstenesteravloysarlag/](http://www.landbrukstenester-sogn.no/innmelding-i-landbrukstenesteravloysarlag/)



Vik – ein landbrukskommune  
[www.vik.kommune.no](http://www.vik.kommune.no)



**SOGNEPRODUKT**  
meistring • utvikling • jobb

Saueinnredning og sauerister

Industrivegen 25, 6893 Vik i Sogn  
Tlf. 57 69 83 40 • E-post [post@sogneprodukt.no](mailto:post@sogneprodukt.no)  
[www.sogneprodukt.no](http://www.sogneprodukt.no)

# Avløysaryrket

Avløysaren tek over det daglege arbeidet på garden når bonden til dømes har ferie eller er sjuk. Han eller ho kan òg leigast inn dersom det trengst ekstra hjelp på garden. Vanlege oppgåver er stell av husdyr, overvaking av utstyr og anlegg, vedlikehald av gardsbygningar, traktorkøring, arbeid på åker og i skogen, innhausting, betening av landbruksmaskiner, våronn og haustonn.

## Kvifor jobbe som avløysar?

Som avløysar får du jobbe variert, både ute og inne, i alle årstider. Jobben er utfordrande og krev at du er sjølvstendig. Noko av det beste er at du får sjå nye plassar du elles aldri hadde besøkt og møte ulike typar menneske. I dette yrket er kroppen den viktigaste reiskapen, og ingen dagar er like. I travle periodar må du rekne med at du blir spurt om å gjere ein ekstra innsats!

## Kva er viktig for å bli ein flink avløysar?

Du må ha interesse for dyr og jordbruk og vere oppdatert på maskiner og stell av dyr. Det er viktig å ha omsorg for og tolmod med dyra. Du må vere allsidig, ansvarsbevisst, fleksibel, og alltid ha fokus på HMS.

Du skal ha eit nært samarbeid med bonden og må difor lytte til ønskja bonden har om korleis ting skal gjerast. Kom gjerne med forslag til andre løysingar og sei meininga di, men hugs at kvar enkelt oppdragsgjevar har sin måte å gjere arbeidet på, og dette må respekterast. Du møter bonden i ulike livssituasjonar, difor er det viktig å ha eit godt lag med menneske. Bonden set pris på ein god prat!

## Elektroniske timelister

Webtemp er eit elektronisk verktøy som gjer det enklare å administrere drifta, og er til nytte for både bonde og avløysar. Ein kan mellom anna halde orden på rekneskap, timelister, løn og kommunikasjon med tilsette. Ta kontakt med oss, og me lagar oppdraget klart og avløysaren får arbeidsavtale.

Det finst ein eigen portal for rekruttering, med oversikt over ledig personell. Avløysarar kan leggje inn CV og slik gjere seg synleg for oppdragsgjevar.

Tage Nondal  
2020



Stein Roar Haugen  
2013



Steinar Kalhagen  
2018

## Årets avløysar i Sogn og Fjordane

Geir Engjom og Tage Nondal er årets avløysar i Noreg.



Geir Engjom  
2001

Nils Lidal  
2010



Kåre Kvamme  
2015



RØYRLEGGJAR     
**ingmar fimreite as**

6856 Sogndal • Kontor: 95 17 00 00 • Mobil: 90 50 03 31  
E-post: [ingmar@fimreiteroyr.no](mailto:ingmar@fimreiteroyr.no) • [www.fimreiteroyr.no](http://www.fimreiteroyr.no)

• Røyrleggjar • VA-anlegg • Plastrøyrveis  
• Slamsuging • Høgtrykkspyling • TV-inspeksjon

 **Luster kommune**



Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne • Telefon: 57 68 55 00  
E-post: [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)

# Tilskot til avløysar ved sjukdom, fødsel og andre livshendingar kjem i tillegg til det ordinære avløysartilskotet

Maksimalt tilskot per dag er 1670 kroner (i 2020).

Ved utrekning av tilskotet skal ein gjere frådrag for den avløyste sine inntekter (ikkje næringsinntekt) i perioden.

Dette er i tråd med føresegnene i jordbruksavtalen mellom staten, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.



**Sogn**  
SPAREBANK

Aurland • Bergen • Lærdal • Sogndal • Vik  
Øvre Årdal • Årdalstangen

Tlf. 57 64 85 10 • [www.sognbank.no](http://www.sognbank.no)



Vi er her for deg. Som vi var der  
for faren din. Og faren hans  
før ham igjen.

**Sunt bondevett  
i generasjoner.**



**Gjensidige**



# Krav til elk kontroll og varslingsanlegg i landbruket

Statistikken viser at innføring av elk kontroll i landbruket har ført til ein drastisk nedgang i antal brannar. Tidleg varsling ved brantilløp aukar sjansen for å slokke og få redda menneske, dyr og bygningar.

Myndighetene stiller krav om til brannalarmanlegg og gjennomføring av elk kontroll kvart tredje år i driftsbygningar med eit visst antal husdyr. Bustadhus og andre bygningar i ein viss avstand frå driftsbygningen skal og kontrollerast. Det lokale eltilsyn (DLE) skal i tillegg utføre stikkprøvekontrollar av elanlegg.

Forsikringsselskapa krev sertifisert elk kontroll med termografering hjå alle som driv husdyrproduksjon av ein storleik som medfører statlege krav til fagleg elk kontroll.

Kontrollen skal utførast av sertifiserte kontrollørar med tilleggssertifisering for landbruket. Forsikringsselskapa tilrår alle landbrukskundar å installere FG-godkjent brannalarmanlegg, det vil seie anlegg som er nøye testa av fagpersonar og fyller forsikringsselskapa sine sikkerheitskrav.

Termografering er ein kontroll som avdekkjer varmgang i koplingar, leidningar eller sikringar i til dømes sikringsskap. I tillegg bør ein sjekke motorar, vifter og andre større apparat. Målet er å redusere risikoen for brann med elektrisk årsak. Forsikringsselskapa gir betydelege rabattar til alle kundar som gjennomfører sertifisert kontroll og utbetrar feil og manglar.





# rasande flinke med **straum** og slikt

Me kan hjelpe deg med  
**Elkontroll – landbruk • Termografering – landbruk**  
**Brannvarsling – landbruk**

## **Sertifisert på Elkontroll**

Holen Installasjon AS har godkjente kontrollører innan elkontroll (NEK 405 1,2,3 og tillegg B) Me har òg føretakssertifisering i samsvar med NEK 405-4.

## **Sertifisert på Brannvarsling**

Holen Installasjon er sertifisert føretak i samsvar med FG 760 og har godkjenning til å utføre prosjektering, installasjon, vedlikehald og kontroll av brannvarsling-sanlegg.

Me har sertifiserte fagfolk som dekker heile indre Sogn. Kontrollørane nyttar elektronisk dokumentasjonsverktøy og handterer alt i FG-kontroll.



**Kontakt oss på [landbruk@holen-installasjon.no](mailto:landbruk@holen-installasjon.no)**



**SOGNDAL | GAUPNE | VIK | LEIKANGER**

Årøyvegen 14, 6856 Sogndal | 57 67 75 00

[www.holen-installasjon.no](http://www.holen-installasjon.no) | [post@holen-installasjon.no](mailto:post@holen-installasjon.no)

# 4 i fjøset

Landbrukstenester Sogn har beredskap ved sjukdom, fast tilsette landbruksvikarar og vakttelefon etter kontortid og i helg. Landbruksvikarane kan kome på garden på kort varsel, eller bestillast når du er sjukmeld eller har innkalling til sjukehusstund. Du kan også bruke eigne avløyssarar. **Kor viktig er det for deg som bonde med god beredskap ved sjukdom?**



## LANDBRUKSTENESTER SOGN

**Telefon kontor:**

909 62 157  
(vakt kveld/helg 917 76 626)

**Kontortid:**

8.00-15.00 måndag-fredag

Vi har kontor plass i Pyramiden Senter, Gaupne.

**Postadresse:**

Landbrukstenester Sogn  
Rådhusvegen 5  
6868 Gaupne

Org.nr.: 971 364 041

**På nett:**

[www.landbrukstenester-sogn.no](http://www.landbrukstenester-sogn.no)

Du finn oss òg på Facebook!

**Administrasjon:**

Aud Fossøy  
dagleg leiar  
E-post: [aud.fossoy@n-lt.no](mailto:aud.fossoy@n-lt.no)  
Mob.: 917 76 626

Solveig Sperle  
kontormedarbeidar  
E-post: [solveig.sperle@n-lt.no](mailto:solveig.sperle@n-lt.no)  
Mob.: 994 66 812



1. "Landbruksvikarordninga er heilt nødvendig for at me bønder skal føle oss trygge på at dyra blir stelte om det skjer noko akutt. Spesielt for meg som driv åleine. Eg har måtta nytte dei og er godt fornøgd med arbeidet dei utfører."

**-Hege Våtevik**



2. "Landbrukstenester er dei som ordnar med løna til alle vi har i arbeid, både budeier, praktikantar, slåttehjelp og avløyssarar i fjøsen (og det er ganske mange!!)."

**-Anne Karin Hatling**



3. "Me har fleire gonger vore ramma av akutt sjukdom, og Landbrukstenester Sogn har på kort varsel stilt med landbruksvikar til oss. Som bønder er det ein veldig tryggleik å vite at Landbrukstenester Sogn har beredskap, og at det alltid er hjelp å få."

**-Arne og Hilde Øverås**



4. "For meg som bonde er det svært viktig at Landbrukstenester Sogn kan gje meg avløyssar på kort varsel, ved sjukdom eller andre anledningar når eg som bonde treng ekstra arbeidshjelp på garden."

**-Jan Mo**



Solveig og Aud